

Forslag til nye statutter for "Gardbrukar Ole Olsen Hauge og hustrus legat"

§ 1

Legatet er skipa av lærar Nils Olsen Hauge ved testament av 22. juni 1948. Legatmidelen er av Bergen skifterett rekna ut til kr. 48.757,69 og må ikkje rørast, sjå §4.

Den delen av midlen som er motteken i aksjer skal legatet ha sjøl om den ikkje stettar kravet til utsetjing av legatmidler, til styret med godkjenning av stiftsdireksjonen finn at aksjene bør seljast.

Legatmidelen må elles setjast ut på den måten som til kvar tid er fastsett for legatmidlar under offentleg kontroll.

§ 2

Etter testamentet skal legatet femne om Ølen kyrkjesokn slik grensene var i 1909, medrekna Haugsgjerdet, men ikkje Nervik skulekrins. Fjelberg kyrkjesokn er med, slik grensene er i dag. Bjoa og Eid kyrkjesokn og Valen krins kjem ikkje med under legatet.

§ 3

Legatet skal vere under styre av sokneprestane i Ølen og Fjelberg, ordføraren i Ølen og soknerådsformannen i Fjelberg sokn og vedkomande soknelydssøster (helsesøster). Dersom dei nemnde ikkje ynskjer å vera med i styret, skal formannskpa velje legatstyre. Likeeins dersom sokna ikkje har søster, so skal formannskapet velje ein annan kvinneleg lem til styret. Legatystyret vel sjøl formann og rekneskapsførar. Godtgjersle til rekneskapsførar skal godkjennast av stiftsdireksjonen.

§ 4

Det som legatmidelen kastar av seg skal leggjast til midelen til denne er vorten kr. 100.000,- Deretter kan rentene gå til etternemnde føremål.

Legatet kan først og femst søkjast av trengende sjuke som ikkje får anna hjelp.

Dinæst kan legatet søkjast av trengende som av ein eller annan grunn er komen i vanskar økonomisk for skuld sjukdom eller annan motgang, og som ikkje har annan offentleg stønad.

Dinæst vidare kan legatet søkjast av trengende ungdom til utdanning. For desse søkjarar er det ikkje noko vilkår at dei ikkje har offentleg hjelp. Men det skal

leggast vekt på at søkjaren har lyst og god vilje til utdanning like mykje som til evner og eksamensvitnemål. Desse prosjonar skal ikkje vere meir enn kr. 1000,- til kvar, men det kan søkjast på ny til utdanninga er ferdig.

Legatet kan og søkjast av personar og huslydar som er i vanskar - til julegåva. Desse porsjonar skal ikkje vere større enn kr. 250,- til kvar.

§ 5

Det ligg til legatstyret å sjå etter legatopprettaren si grav på kyrkjegarden i Bjoa og syta for oppattnyng av festetida.
Med omsyn til rekneskap og kontroll gjeld dei reglar som til kvar tid er fastsette for offentleg stadfeste legat.

Ølen, 16.04.1973

For legatstyret

Sokneprest Sverre Aarseth,
formann

Jnr.: 3393/73 II A GN/AT

Med heimel i dei kongelege resolusjonene av 23. november 1909 og 8. september 1916 stadfester ein dei nye statuttene dagsett 16. april 1973, som er fest til dette dokumentet.

For sosialministeren
Oslo, 21, mai 1973

Ottar Lund

H. Johnsen